



*Hardanger / Voss kompetanseregion*  
*Vurderingsgruppa for barnehage*

# VURDERINGSRAPPORT

## ULVIK BARNEHAGE

Ulvik barnehage, 5730 Ulvik



Styrar Svanhild Dybsland  
Tlf. 56527150



## 1 – Føreord

### **Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling**

Med utgangspunkt i gode erfaringar med skulevurdering og ynskje om å laga tilsvarande vurderingsprogram for barnehagar, vert det sett i gang eit prosjekt med utarbeiding av vurderingsverktøy for barnehage.

Grunngiving av behovet finn ein også i Rammeplan for barnehagen Kap. 4.3 Vurdering av arbeidet i barnehagen.

Rammeplanen seier: "Vurdering som blir gjort tilgjengeleg for andre, kan bidra til ein open og brei debatt om måla, innhaldet, oppgåvene og kvaliteten i barnehagen."

Vidare: "Systematisk vurderingsarbeid legg grunnlaget for barnehagen som lærande organisasjon".

Skule- og barnehage ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i barnehagen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at barnehagen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylla kravet i Lov om barnehagar §10 om kommunen sitt ansvar for tilsyn.

### **Kven er vurderar?**

Vurderingsgruppa er under oppbygging og er samansett av pedagogar i barnehagar frå Hardanger/Voss regionen. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og målet er at me skal vurdere dei kommunale barnehagane i regionen i løpet av 6 år.

Ingen vurderer barnehagar i eigen kommune.

### **Progresjon i vurderingsarbeidet**

- Barnehagen gjennomfører Ståstadsanalysen i god tid før vurderingsarbeidet tek til.
- Barnehagen vel eit fokusområde for vurdering i samsvar med resultat frå ståstadsanalysen
- Barnehagen sender resultatata frå ståstadsanalysen og bakgrunsmateriell til vurderarane



## **Hardanger / Voss kompetanseregion**

### *Vurderingsgruppa for barnehage*

- Vurderingsparet førebur sjølve vurderinga av barnehagen. Utarbeiding av kriterium, metodeval og verktøy vert tilpassa det barnehagen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

### **Rapporten**

Vurderingsparet skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utfordringar barnehagen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av barnehagen, men vera eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med innan det fokusområde som er vurdert.

Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta skal overførast til det interne vurderingsarbeidet barnehagen årleg arbeider med.



## **2 – Fakta om barnehagen**

Ulvik barnehage er kommunal og den einaste barnehagen i kommunen.

Ulvik har i mange år hatt full behovsdekking heile året. Ca. 80 % av borna frå 1–6 år nyttar seg av barnehagetilbodet.

Det fyrste organiserte leiketilbodet i Ulvik var husmorlaget med på å skipa til i 1977. Det byrja som barnepark og utvikla seg til ein kortidsbarnehage med plass til 13 born. I 1983 sto ein ny 2-avdelings barnehage ferdig like ved Lekve skule, og i 1988 vart barnehagen utvida til 4-avdelings barnehage.

Barnehagen ligg ca. 2 km utanfor sentrum. Barnehagen har eit stort og innbydande uteområde med mykje grøntareal, tre og buskar. Nærområde byr på mange mogelegheiter og fysiske utfordringar. Strand og idrettsbane ligg like ved og det er gangavstand til eit eige skogsområde som barnehagen kan nytta.

## **3 – Vurderingstema**

Ulvik barnehage har bede om vurdering på følgjande tema:

### **”BORNA FÅR MEDVERKA GJENNOM PERSONALET SI AKTIVE DELTAKING”**

Ulvik barnehage har valt vurderingstema ut frå resultatata i ståstadsanalysen som vart gjennomført vinteren 2010 som førebuing til ekstern vurdering. Barnehagen er leia av styrar Svanhild Dybsland

## **4 – Kriterium / Kvalitetskrav**

Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, rammeplan for barnehagen 2006, lokale planar og barnehagen sine eigne planar.

Når vurderingsparet gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon i barnehagen, i tillegg til dei dokument som barnehagen har lagt fram.

Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderingsparet, og godkjende av barnehagen.



Bakgrunnen for begrepet: Tidligere var det vanlig å samle på glansbilder. Englene med glitter på vingene, var de spesielt vakre. Ingen vet eksakt hvordan engler ser ut, men en kunne vel ønske at de så ut som på gamle glansbilder!



## Tema Glansbilde

### : BORNA FÅR MEDVERKA GJENNOM PERSONALET SI AKTIVE DELTAKING

Kriterium	Tegn på god praksis
<p>Barnehagen er ein lærande organisasjon</p> <p><i>"Systematisk vurderingsarbeid legg grunnlaget for barnehagen som lærande organisasjon"</i> (Rammeplan for barnehagen, s. 50)</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>❖ Personalet har god kjennskap til Rammeplanen og til barnehagen sine egne planar</li> <li>❖ Dei tilsette får fagleg støtte og rettleiing frå leiinga</li> <li>❖ Det vert arbeidd langsiktig med kompetanseutvikling for alle tilsette</li> <li>❖ Aktuelle pedagogiske tema er på dagsorden på personalmøta</li> <li>❖ Det er refleksjon omkring eigen praksis i ulike møte</li> </ul>
<p>Personalet nyttar daglege gjeremål og aktivitetar til å fremma borna sin medverknad</p> <p><i>"Den pedagogiske verksemda må organiserast og planleggast slik at det gjev tid og rom for barn si medverknad."</i> (Rammeplan for barnehagen, s. 14)</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>❖ Personalet drøftar barnehagen sitt læringssyn i høve borns medverknad</li> <li>❖ Det er samsvar mellom planar om borns medverknad og praksis i barnehagen</li> <li>❖ Personalet er fleksible og imøtekommande overfor enkeltborn og deira behov</li> <li>❖ Personalet observerer og vurderer eige arbeid i høve borns medverknad</li> <li>❖ Personalet deltek aktivt i leik ute og inne</li> </ul>
<p>Borna tek del i planlegging, gjennomføring og vurdering av barnehagen sitt innhald og aktivitetar</p> <p><i>"Barna kan delta i planleggingsarbeidet med direkte innspel i samtalar om kva dei liker å gjere i barnehagen, og ved at dei uttrykkjer seg på andre måtar."</i> <i>Rammeplan for barnehage 2006, s. 49</i></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>❖ Barnehagen har rutiner for at borna kan delta i planlegging og vurdering</li> <li>❖ Kvardagsrutinene er utforma slik at borna ofte tek egne initiativ</li> <li>❖ Borna vert oppfordra til å sei meininga si i kvardagen</li> <li>❖ Utstyr og materiell er plassert slik at dei er lett tilgjengelege for borna</li> <li>❖ Borna opplever at dei vaksne tek del i leiken</li> </ul>
<p>Barnehagen skal gje borna høve til utvikling og aktivitet i nær forståing og samarbeid med borna sin heim.</p> <p><i>Barnehagelova § 1 Formål</i> <i>Barnehagelova § 2 Barnehagens innhald</i> <i>Barnehagelova § 4 Foreldreråd og samarbeidsutval</i></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>❖ Foreldra deltek aktivt i planlegging og vurdering av det pedagogiske innhaldet</li> <li>❖ Foreldra opplever at det er samsvar mellom planar og det som skjer i praksis</li> <li>❖ Foreldra opplever at borna sine initiativ vert tekne på alvor</li> <li>❖ Det fysiske miljøet er tilrettelagt slik at borna får medverka</li> <li>❖ Foreldra opplever at personalet deltek aktivt i leik og aktivitetar</li> </ul>



## 5 – Deltakarar i vurderinga

- Interne: Styrar, personale, foreldre i foreldremøte og 5 åringane i intervju
- Eksterne: Solgunn Wiik Bjørke og Eli Pernille Horvik

Grunngjeving for val av informantar:

Temaet for vurdering; **“Borna får medverka gjennom personalet si aktive deltaking”**

Ny barnehagelov og revidert rammeplan for barnehage (2006) må føra til ei endring i denne praktiske barnehagedagen. Dette vil medføra eit endringsarbeid i alle barnehagar, og barnehagepraksisen kan ikkje lenger vera den same som tidlegare. Barna sin rett til medverknad handlar mellom anna om personalet sine kunnskarar og haldningar til å la barn medverka i planleggings- og vurderingsarbeid. Det handlar også om at dei vaksne i barnehagen skaffar seg reiskap som gjer det praktisk mogeleg å få tak i barna sine synspunkt. Dette er eit tema som vedkjem alle partar i barnehagen, difor var det naturleg at vurderarane henta informasjon frå alle desse gruppene, barna, føresette og personalet.

Ulvik barnehage er ein 4-avdelings barnehage. Intervjuet med personale vart gjort i grupper, der førskulelærarane og assistentane var kvar for seg. Også alle føresette fekk tilbod om å vera med i undersøkinga. Vurderarane har gjennomført samtale med styrar, ped.leiarar, assistentar, 4,5,6 åringar og foreldregruppa, og observert heile barne- og personalgruppa.

## 6 – Tidsbruk

Det er avsett 1 veke til å vurdere ein barnehage. Dette inneber i hovudsak ein startdag der vurderingsparet møter barnehagen for fyrste gong for avklaringar og planlegging. Under sjølve vurderinga, er vurderingsparet i barnehagen i inntil 3 dagar. Barnehagen får rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane. I forkant og undervegs førebur vurderingsparet informasjon, metodar, verktøy og driv informasjonsbearbeiding og oppsummeringar. Styrar vert oppdatert om arbeidet heile vegen.

Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på 3 dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.



## TIDSPLAN for vurdering av Ulvik barnehage

Dato/veke	Tid	Aktivitet	Ansvar
		Vurderingsgruppa vert etablert	
Januar		- Barnehagen gjennomfører ståstadsanalysen - Styrar sender over analysen, vurderingstema og andre dokument frå barnehagen	Styrar
		- Presentera prosjektet for personalet i barneh.	Styrar
Veke 5 og 6		- Laga glansbilete og laga tidsplan	Vurderarane
Veke 7		- Senda glansbildeframlegg til styrar i Ulvik barnehage	Solgunn
Tilbakemeld. frist! Veke 8		- Personalet i barnehagen vurderer glansbildet og kjem med eventuelle forslag til endring. - Gje tilbakemelding til vurderarane og godkjenna glansbilete	Styrar
Veke 8		- Skriv og returnerer "fakta om barnehagen"	Styrar
Veke 5 -9		- Laga intervjuguide: føresette, personalet, barna - Laga innkalling foreldremøte, senda til styrar - Senda ut innkalling foreldremøte	- Vurderarane - Styrar
Veke 5 -9		- Laga observasjonsskjema	- Vurderarane
Veke 9		- Vurderarane får oversikt over møteverksemda for veke 10 - Avtala tid & rom for intervju	- Styrar - Vurderarar/styrar
07.03.2010		- møtes på hotellet kl 19.00 - finpussar planane for veka, arbeidsfordeling	
08.03	kl 08.30  kl 1030- kl 14.00 kl 1800 –	- Koma i barnehagen: Presentera oss. Kort informasjonsutveksling/oppdatering med styrar. Gjera avtalar med styrar - Observasjon - Intervju/samtale m/assistentar 1 frå kvar avd - Kort rapport til styrar. - Foreldremøte klokka 1800 (Personalet deltek ikkje) - Etterarbeid	Vurderarane, lagar innkalling til foreldremøtet.  ..... skriv ..... intervjuar  - Leiar møtet: - Skriv:
09.03	kl 08.15 kl.08.30 kl.09.30 kl 11.30 kl 13.15 kl.1430	- Observasjon - Barneintervju/samtale - Barneintervju/samtale - Barneintervju/samtale - Intervju/samtale med ped.leiarane - Kort rapport og samtale med styrar.	- - - - - -
10.03	Kl 08.45 Kl 10.00 Kl 11.30 Kl 13.00	- Intervju med styrar - Delta på møte - Observasjon - Gi kort rapport til styrar	- Ein vurderar pr.avd. - - -
11.03	Kl 14.00 Kl 1645 - 1745	- Ferdigstilling rapport - Fram.l av rapport til styrar - Personal møte	- Vurderarane -



Innan 2010		<ul style="list-style-type: none"><li>- Rapportera attende til barnehagefagleg ansvarleg korleis barnehagen vil arbeida med utviklingsområda</li><li>- Orienterer det politiske fagutvalet</li></ul>	Barnehagestyrar
---------------	--	--	-----------------

## 7 – Metodar

For å sikra god forankring og at alle røyster vert høyrde, hentar vurderarane inn data frå fleire andre kjelder (kjeldetriadring). Informantane er det vurderarane som plukkar ut, for eksempel ved å ønskja å møta og intervju 5 åringar og eventuelt 4 åringar, eit utval av føresette i barnehagen og eit utval av personalgruppa; pedagogar, assistentar og fagarbeidarar. Det kan også vera aktuelt å gjennomføra observasjonar blant barn og tilsette i barnehagen.

For å styrka kvaliteten på dei data me finn, nyttar me ulike metodar for datainnsamling (metodetriangulering). Gjennom eit breitt spekter av metodar tek vurderarane temperaturen på den pedagogiske praksisen til barnehagen, og på korleis barnehagen fungerer som organisasjon.

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. I prosessen i denne barnehagen er følgjande metodar nytta: Observasjon, intervju, samtale og dokumentanalyse

### Dokument- og resultatanalyse

På førehand, etter at barnehagen hadde gjennomført ståstadsanalyse og før vurderarane vitja barnehagen, sendte barnehagen relevante dokument til vurderarane. Til dømes arbeidsplanar; årsplan, verksemdsplan, fagplanar, halvtårsplan, månadsplan, vekeplanar, møteplan og kompetanseplan. Resultat av brukarundersøkingar blant barn, føresette og personalgruppa, medarbeidarundersøking. Målekort til Balansert Målstyring.

### Kriterium og teikn på god praksis

Vurderingsparet utarbeidde forslag til eit glansbilete med kriterium og teikn på god praksis. Dette med utgangspunkt i rammeplan for bhg - 06, barnehagelova med forskrift og barnehagen sine planar. Framlegg til kriterium med teikn på god praksis vart drøfta i barnehagen. Barnehagen godkjende desse med små endringar.

### Samtaleguidar

For å fanga lik tematikk, har vurderarane i førekant utarbeidd ulike guidar til hjelp for samtalar med høvesvis førskulebarn, føresette, assistentar/fagarbeidarar og pedagogar.

### Møte med føresette

Ein føresetnad for god barnehageutvikling er god dialog mellom heim og barnehage. Føresette må få høve til å involvera og engasjera seg. I løpet av denne vurderinga har me hatt foreldremøte med invitasjon til alle foreldre.

### Møte med styrar

Styrar har ei nøkkelrolle i utviklingsarbeidet som barnehagen skal ta tak i når konklusjonane i rapporten ligg føre. Ein god dialog med styrar dannar grunnlag for gjensidig forståing av barnehagen sin no - situasjon og for vidare arbeid.

### Observasjon

Me observerte i kvardagssituasjonar inne og ute på begge avdelingane.



## 8 – Barnehagen sine sterke sider innan vurderingsområdet

Kriterium:

### **Barnehagen er ein lærande organisasjon**

"Systematisk vurderingsarbeid legg grunnlaget for barnehagen som lærande organisasjon"

(Rammeplan for barnehagen, s. 50)

- **Personalet har god kjennskap til Rammeplanen og til barnehagen sine egne planar**

Dei tilsette har fått sitt eksemplar av rammeplanen og planen vert brukt når nye tema skal opp. "Rammeplanen kjenner me godt. Me har jobba mykje med han og brukt han på personalmøte. Barnehagen sine planar kjenner alle til. Plan for medverknad vart laga på personalmøte." Vurderarane observerte at personalet er reflektert og har god kunnskap om rammeplanen, og erfaringar i bruk av denne.

- **Dei tilsette får fagleg støtte og rettleiing frå leiinga**

Personalet seier at både styrar og ped.leiarar er flinke til å gje fagleg støtte og rettleiing. Dei er flinke med å dele kunnskapen sin. "Som nyutdanna får eg masse. Det er sett av tid ein gong i veka." Personalet seier at dei får rettleiing både i møte og i daglige situasjonar. Avdelingsmøta vert brukt til å ta opp faglege spørsmål. Dette kom fram i intervju og vurderarane observerte dette ved deltakelse i avdelingsmøte.

- **Det vert arbeidd langsiktig med kompetanseutvikling for alle tilsette**

3 av ped.leiarane tek i dag vidareutdanning i PUB-studiet. Kunst, kreativitet og kultur. Rettleiing er eit fast innslag på ped.leiarmøter. Praksisfortellingar vert lest opp og diskutert i personalgruppa. Dei har ein plan for gjennomgang av pedagogiske tema på personalmøter. Dette kjem fram gjennom intervju av personalet.

- **Aktuelle pedagogiske tema er på dagsorden på personalmøta**

Personal møta vert brukt til pedagogiske tema. Det er blir brukt lite tid til å drøfta praktiske ting på desse møta. Personalet føler at dei lærer mykje i desse møta. Alle er flinke til å dela kunnskapen sin i møta. Vurderarane observerte at ped.leiar la fram korleis fagområda skulle arbeidast med og kom med framlegg og idear til korleis dei praktisk skulle gjennomføre det.



- **Det er refleksjon omkring eigen praksis i ulike møte**

Det vert brukt praksisforteljingar i møte, som vert lest opp og diskutert. Diskusjon om kva som er rett framgangsmåte og ikkje. Det vert også gjeve rettleiing i dei tema som er ynskjeleg. Vurderarane observerte ved deltaking i møte at personalet fortalde og reflekterte rundt måtar å forhalda seg til borna og foreldra på. Dei drøfta arbeidsfordelinga. Dei drøfta ballansen mellom borna sine behov og behovet for rutiner og struktur.

Dei avslutta med refleksjon omkring det å vera samde og syna same praksis i høve reglar på avdelinga

Kriterium:

**Personalet nyttar daglege gjeremål og aktivitetar til å fremma borna sin medverknad**

*" Den pedagogiske verksemda må organiserast og planleggast slik at det gjev tid og rom for barn si medverknad."*

(Rammeplan for barnehagen, s. 14)

- **Det er samsvar mellom planar om borns medverknad og praksis i barnehagen**

Barna får vere med å lage handleliste. Dei vel sjølv aktivitetar både inne og ute. Personalet høyrer på barna og les kroppsspråket deira. Barna kan ha samling og vere med å dekke bord når dei har lyst til det. Elles finn me ut i frå intervju med barn og personale, og gjennom observasjonar, at barna sjølv får velgja aktivitetar, kvar dei vil leike og kven med.

- **Personalet er fleksible og imøtekommande overfor enkeltborn og deira behov**

Personalet viser fleksibilitet og gjev rom for ulike barn sine behov. Dei tek seg tid til å lytta til barna og viser interesse for det barnet uttrykker, både kroppslig og språklig. Dei har ein fin kommunikasjon med barna. Dei er også flinke til å tolke barna ut i frå interesser og behov. Personalet seier dei tek den tida dei treng, til det barnet har behov for. Barna sjølv seier at dei får leike kvar dei vil og med kven dei vil. Det er individuelle soveplanar for kvart enkelt barn. Foreldre seier at personalet har tid til gode samtalar om morgonen ved levering og at dei har god kontroll på kva som har skjedd i løpet av dagen. Foreldre meiner også at dei er flinke til å involvere barna i aktivitetar, eks miljøprosjektet. Dette har me og sett gjennom observasjonar i barnehagen, og fått informasjon om gjennom intervju av både foreldre og barn.



- **Personalet observerer og vurderer eige arbeid i høve borns medverknad**

I Vettegruppa er det alltid ein vurdering i høve det dei har gjort. Der får barna seie kva dei syns om det dei har gjort. Ped.leiar passar på at alle får koma med sitt. Det vert også brukt praksisfortellingar som personalet deler med kvarandre. Dette vart observert av vurderarane og barn og personale fortalde dette i intervju.

- **Personalet deltek aktivt i leik ute og inne.**

Vurderarane ser at personalet deltek i bordaktivitetar, i aking ute og i kakelaging ut i snøen. Dei deltok også aktivt i frileik med dei minste. Barna seier i intervju at " *Dei er med å bygge ting både ute og inne.*" og i fylgje barna kjem dei voksne med ein god ide av og til.

Kriterium:

### **Borna tek del i planlegging, gjennomføring og vurdering av barnehagen sitt innhald og aktivitetar**

"Barna kan delta i planleggingsarbeidet med direkte innspel i samtalar om kva dei liker å gjere i barnehagen, og ved at dei uttrykkjer seg på andre måtar." (Rammeplan for barnehage 2006, s.49)

- **Kvardagsrutinene er utforma slik at borna ofte tek eigne initiativ**

Barna tek initiativ. Dei vel sjølv kva dei vil gjere på eller kven dei vil leike med. Barn som har ete heime, treng ikkje sitja ved frukostbordet. Det er individuelle soveplanar for dei minste. Når det er fint og varmt ute, går dei gjerne ut tidleg på dagen, et gjerne frukost ute viss borna vil det, dette vart fortalt på avdelingsmøte. Både barn og foreldre stadfestar dette. Vurderarane har sett dette gjennom observasjon.

- **Borna vert oppfordra til å sei meininga si i kvardagen**

I vettegruppa vart borna oppfordra til å koma med idear og til å seie meininga si. Vurderarane observerte dette og barna fortalde det i intervju.

- **Utstyr og materiell er plassert slik at dei er lett tilgjengelege for borna**

Barnehagen er ryddig og oversiktelig. Leikeutstyr og materiell er delvis tilgjengelig for borna.



- **Borna opplever at dei vaksne tek del i leiken**

Vurderarane observerte at dei vaksne aktivt tok del i leiken, både inne og ute. Dette fortalde også barna i intervju.

Kriterium:

**Barnehagen skal gje borna høve til utvikling og aktivitet i nær forståing og samarbeid med borna sin heim.**

*Barnehagelova § 1 Formål*

*Barnehagelova § 2 Barnehagens innhald*

*Barnehagelova § 4 Foreldreråd og samarbeidsutval*

- **Foreldra opplever at borna sine initiativ vert tekne på alvor**

Foreldre opplever at personale er flinke til å ta borna sine initiativ på alvor. Personalet seier at dei må lære foreldre rett tone til songar dei brukar i barnehagen, fordi borna ber dei om det.

**Elles såg me:**

- **Blide og glade born som trivst i barnehagekvardagen.**
- **Me møtte eit ope og blidt personale som har fagleg styrke, er reflekterte og har sterk fokus på borna sitt beste i barnehagen.**
- **Barnehagen har eit sterk engasjement i miljøprosjektet sitt. Dei involverer borna i sortering og har gode rutinar slik at prosjektet vert godt gjennomført i kvardagen i lag med borna. Dei er slik med å skapa gode holdningar hjå både born og foreldre.**



## 9 – Barnehagen sine utviklingsområde innan vurderingsområdet

Kriterium:

### **Barnehagen er ein lærande organisasjon**

- ***Det vert arbeidd langsiktig med kompetanseutvikling for alle tilsette***

Personalet får rettleiing av både styrar og ped.leiarar, men det er ikkje ein skriftleg plan for kompetansutvikling som alle dei tilsette. Tre av ped.leiararne tek vidareutdanning i PUB-studiet. Dette vert dekkja av heradet.

Rammeplanen seier dette: "Som pedagogisk samfunnsorganisasjon må barnehagen vera i endring og utvikling. Barnehagen skal vere ein lærande organisasjon slik at den er rusta til å møte nye krav og utfordringar. Kvalitetsutvikling i barnehagen inneber ein stadig utvikling av personalet sin kompetanse."

Kriterium:

### **Personalet nyttar daglege gjeremål og aktivitetar til å fremma borna sin medverknad**

"Den pedagogiske verksemda må organiserast og planleggast slik at det gjev tid og rom for barn si medverknad."

(Rammeplan for barnehagen, s. 14)

- ***Personalet drøftar barnehagen sitt læringssyn i høve borns medverknad***

Personalet har jobba med læringssyn. Må jobba vidare med læringssyn innan born sin medverknad. Personalet har utarbeidd ein plan for barns medverknad. Den er delvis arbeidd med, men må takast fram att og arbeida vidare med. Det trengs konkretisering og tiltak for å nå måla i planen.

- ***Det er samsvar mellom planar om borns medverknad og praksis i barnehagen***

I plan for medverknad og årsplan vert det sagt at det skal gjennomførast barneintervju og barnemøte. I intervju med barna og personalet kjem det fram at dette ikkje er på plass. Det må lagast ein plan for å få dette i system. Til dømes må det vere eit system for at borna er med å planlegga tur. Personalet seier sjølv: "Borna er ikkje med å planleggja tur. Oppsette turar."



- **Personalet observerer og vurderer eige arbeid i høve borns medverknad**

"Me er i gang. Kunne vore meir systematisert". Her må det utviklast eit system og lagast rutiner.

- **Personalet deltek aktivt i leik ute og inne**

"Me skal bruka arbeidet med kunst, kultur og kreativitet til ting å gjera i fellesskap med borna, land art." Her peikar styrar på noko som kan inspirera og "kveikja" personalet til å setja i gang. (Edderkopp) Foreldre seier i intervju at dette er eit "forbetringspotensiale". Dei opplever personalet si deltaking varierende frå avdeling til avdeling og frå person til person. Personalet bør drøfta felles praksis på dette. Barna seier i intervju at dei vaksne forstyrar og avbryte leiken litt. "Dei kjem midt i leiken". " Dei hentar noko"

Kriterium:

### **Borna tek del i planlegging, gjennomføring og vurdering av barnehagen sitt innhald og aktivitetar**

"Barna kan delta i planleggingsarbeidet med direkte innspel i samtalar om kva dei liker å gjere i barnehagen, og ved at dei uttrykkjer seg på andre måtar." (Rammeplan for barnehage 2006, s.49)

- **Barnehagen har rutiner for at borna kan delta i planlegging og vurdering**

Vurderarane ser ut i frå årsplan/verksemdplan at det ikkje er rutinar for at borna kan delta i planlegging og vurdering. Dette kjem også fram i intervju med personalet og med borna. " Tidligere hadde vi barnemøte" Vurderarane ser at barnehagen treng å utarbeide eit system og gode rutinar for å sikre at borna for ta del i dette arbeidet. "Barn skal jevnleg få moglegheit til aktiv deltaking i planlegging og vurdering av barnehagen si verksemd." (Barnehagelova, §3.)

- **Borna vert oppfordra til å sei meininga si i kvardagen**

Barnehagen har ikkje fast rutinar for dette. Det har ikkje vore gjennomført barneintervju enda. "Barn kan delta i planleggingsarbeidet med direkte innspel i samtalar om kva dei likar å gjere i barnehagen og ved at dei uttrykkjer seg på andre måtar." (rammeplanen s. 49)

- **Utstyr og materiell er plassert slik at dei er lett tilgjengelege for borna**



## **Hardanger / Voss kompetanseregion**

Vurderingsgruppa for barnehage

Dette er delvis gjennomført. Inne på småbarnsavdelingane observerer me at bilder og ein del utstyr er plassert over barnehøgda. Også på dei store avdelingane er noko leiker og materiell, td tall, plassert noko høgt oppe. Bør malesakene vere sett vekk? Borna seier: " *Mala er kjekt, men dei vaksne seier nei.*" Borna vert inspirert til leik ved å sjå leike og formingsmateriell. Rammeplanen seier: " *Tilgjengelig leiker og materiell i eit oversikteleg miljø skapar grunnlag for barn sin leik og aktivitetar og for organisering av læringsssituasjonar.*" (Rammeplan, s. 16)

- ***Borna opplever at dei vaksne tek del i leiken***

Dei vaksne må drøfta og få ein felles praksis på når og korleis dei skal delta i barna sin leik. " *Personalet må vera tilgjengeleg for barn ved å støtta, inspirera og oppmuntra barna i deira leik.*" (Rammeplan, s. 269)

Kriterium:

### **Barnehagen skal gje borna høve til utvikling og aktivitet i nær forståing og samarbeid med borna sin heim.**

*Barnehagelova § 1 Formål*

*Barnehagelova § 2 Barnehagens innhald*

*Barnehagelova § 4 Foreldreråd og samarbeidsutval*

- ***Foreldra deltek aktivt i planlegging og vurdering av det pedagogiske innhaldet***

Personalet seier at foreldra får høve til å sei si meining om innhaldet i årsplanen om hausten. Dei sit i grupper og kjem med forslag til aktivitetar, men vurderarane ser at metodane som vert nytta for å få innspel frå foreldra med fordel kan endrast og utviklast. Foreldra sit ofte ikkje med den same bakgrunnskunnskapen om innhaldet i årsplanen og dermed kan det verta vanskeleg for foreldra å koma med innspel. Foreldra sjølv opplever at dei delvis kan koma med innspel. Dei ynskte fleire møter i foreldreutvalet, slik at dei kunne diskutere ulike temaer. Personalet seier at dei har foreldresamtalar to gonger i året og foreldremøte. Hvis det er få foreldre som melder seg på, vert møtet avlyst. Vurderarane ser at det er nødvendig å utvikla formen og innhaldet på foreldremøta for å få foreldra meir engasjert og aktive.

- ***Foreldra opplever at det er samsvar mellom planar og det som skjer i praksis***

Foreldra sa i intervju at dei opplevde at ting vart avlyst på grunn av sjukdom og liknande. Dei etterlyste arbeidet med "Min dag". Personalet seier at månadsplanar ikkje vert sendt heim. Vurderarane ser at det må utviklast eit betre system som sikrar at foreldra får god informasjon og har høve til å fylgja med på det som skjer i barnehagen.



- **Det fysiske miljøet er tilrettelagt slik at borna får medverka**

Dette sa foreldra i intervju:

*Kommunen må pussa opp!*

*Kunne vore mykje flinkare til å tilretteleggja det fysiske innemiljøet. Må spørre etter ting. Varierer.*

*Uteleikene må vedlikehaldast og fornyast.*

*Meir uteleiker til småbarn*

Foreldra sa i intervju at dei sto klar til å vera med på dugnad, men barnehagen må organisere dette.

- **Foreldra opplever at personalet deltek aktivt i leik og aktivitetar**

Foreldre seier i intervju at dette er eit "forbetringspotensiale". Dei opplever personalet si deltaking varierende frå avdeling til avdeling og frå person til person. Personalet bør drøfta felles praksis på dette.

### Elles såg me:

- \* Barnehagen kan med fordel samarbeida meir på tvers av avdelingane.
- \* Laga felles rutinar og system for praktiske gjeremål.
- \* Laga eit meir oversikteleg innemiljø. Det kan med fordel setjast opp skilt/merking av dører, både i symbol og tekst.

## 10 – Vidare arbeid

6 månader etter at barnehagevurderinga finn stad, vil styrar rapportera attende til barnehagefagleg ansvarleg korleis barnehagen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Ulvik barnehage

---

Eli Pernille Horvik

---

Solgunn Wiik Bjørke



## Vedlegg 1

### 1 – Dette sa barna

Medverknad, planlegging og vurdering

Kva ansikt har du mest av når du er i barnehagen? – kvifor?



**Kriterium: Borna tek del i planlegging, gjennomføring og vurdering av barnehagen sitt innhald og aktivitetar**

Teikn på god praksis

<p>Barnehagen har rutiner for at borna kan delta i planlegging og vurdering</p>	<p>Kva synest du om det de gjer på i barnehagen? (baka bollar, gå turar, leika ute i regnet og sølepyttane, samling)</p> <p>-</p> <p>-</p> <p>-</p> <p>Er det nokon som spør deg om kva du likar å gjera i barnehagen?</p> <p>-</p> <p>-</p> <p>...Eller kva du likar dårleg?</p> <p>-</p> <p>-</p> <p>Er du med på å planlegge/bestemme noko som skal skje i barnehagen?</p> <p>Har de barnemøte i barnehagen?</p>
---	---



Kvardagsrutinene er utforma slik at borna ofte tek egne initiativ

Kan du sjølv velja kven du vil leika med i barnehagen?

-  
-

Er det noko du må vera med på, men som du ikkje har lyst til å vera med på i barnehagen? Fortel:

-  
-

Dersom du spør om å få lov til noko, er det mest slik at dei vakne får det på sin måte, eller pleier du å få det slik du vil?

-  
-

Kor er det kjekkast å vera i barnehagen?

Er det nokon som bestemmer kvar barna i barnehagen skal leika og kven dei skal leika med?



<p>Borna vert oppfordra til å sei meininga si i kvardagen</p>	<p>Kva reglar har de i denne barnehagen? ... - -</p> <p>Kven lagar reglane i denne barnehagen? ...er barna med?</p> <p>Når du kjem i barnehagen veit du kva som skal skje? ... Korleis kan du finna det ut? - -</p> <p>Har de månadsplan og/eller vekeplan i denne barnehagen? - -</p> <p>Kven bestemmer kva som skal stå på vekeplanen? - -</p> <p>Dersom du har ein god idè – noko du har lyst til at de kan gjera i barnehagen, er det nokon som høyrer på idèen din? (vaksne) ... Kva gjer du og dei vaksne med idèen? - -</p> <p>Når du fortel noko i barnehagen, t.d. i samlingsstunda eller når du ete mat, pleier du å få snakka ferdig då? - -</p> <p>Når dei vaksne i barnehagen seier noko til deg, snakkar dei mest om hyggjelege eller ikkje hyggjelege ting? Fortel! - -</p>
<p>Utstyr og materiell er plassert slik at dei er lett tilgjengelege for borna</p>	<p>Er alle leikene plassert slik at de berre kan finna dei sjølv?</p> <p>Er det nokon leiker du må spørja etter hvis du må leika med dei? - om noko står innelåst i skap eller høgt oppe på hyller.</p>



Borna opplever at dei vaksne tek del i leiken

- Kva gjer dei vaksne når de leikar?
- Er dei ofte med i leiken ute?
- Kjem dei vaksne med forslag til leikar?
- Er det alltid like kjekt å ha med ein vaksen i leiken?

**Når du er i barnehagen:**

	Masse	Lite
a) er du masse eller lite lei deg?	___	___
b) kranglar du masse eller lite med andre barn?	___	___
c) ler du masse eller lite?	___	___
d) få du masse eller lite kjeft?	___	___



## Vedlegg 2 Observasjon

<b>Kriterium: Barnehagen er ein lærande organisasjon</b>	
Teikn på god praksis	Vurderarane såg og høyrde
Personalet har god kjennskap til Rammeplanen og til barnehagen sine egne planar	
Dei tilsette får fagleg støtte og rettleiing frå leiinga	
Det vert arbeidd langsiktig med kompetanseutvikling for alle tilsette	
Aktuelle pedagogiske tema er på dagsorden på personalmøta	
Det er refleksjon omkring eigen praksis i ulike møte	

<b>Kriterium: Personalet nyttar daglege gjeremål og aktivitetar til å fremma borna sin medverknad</b>	
Teikn på god praksis	Vurderarane såg og høyrde
Personalet drøftar barnehagen sitt læringssyn i høve borns medverknad	
Det er samsvar mellom planar om borns medverknad og praksis i	



barnehagen	
Personalet er fleksible og imøtekommande overfor enkeltborn og deira behov	
Personalet observerer og vurderer eige arbeid i høve borns medverknad	
Personalet deltek aktivt i leik ute og inne	

**Kriterium: Borna tek del i planlegging, gjennomføring og vurdering av barnehagen sitt innhald og aktivitetar**

Teikn på god praksis	Vurderarane såg og høyrde
Barnehagen har rutiner for at borna kan delta i planlegging og vurdering	.
Kvardagsrutinene er utforma slik at borna ofte tek eigne initiativ	
Borna vert oppfordra til å sei meininga si i kvardagen	
Utstyr og materiell er plassert slik at dei er lett tilgjengelege for borna	
Borna opplever at dei vaksne tek del i leiken	



<b>Kriterium: Barnehagen skal gje borna høve til utvikling og aktivitet i nær forståing og samarbeid med borna sin heim</b>	
<b>Teikn på god praksis</b>	<b>Vurderarane såg og høyrde</b>
Foreldra deltek aktivt i planlegging og vurdering av det pedagogiske innhaldet	
Foreldra opplever at det er samsvar mellom planar og det som skjer i praksis	
Foreldra opplever at borna sine initiativ vert tekne på alvor	
Det fysiske miljøet er tilrettelagt slik at borna får medverka	
Foreldra opplever at personalet deltek aktivt i leik og aktivitetar	



### Vedlegg 3 Dette sa foreldra

Spørsmål - teikn	Dette sa foreldra
Set opp punkt som de meiner barnehagen er flink til	
Set opp punkt som de meiner barnehagen kan bli flinkare til	
Set opp punkt som foreldra kan bli flinkare til	
<b>Kriterium</b> <b>Barnehagen gir barna høve til utvikling, læring og aktivitetar i nær forståing og samarbeid med barna sin heim</b>  <i>Barnehagelova § 1 Formål</i> <i>Barnehagelova § 2 Barnehagens innhald</i> <i>Barnehagelova § 4 Foreldreråd og samarbeidsutval</i>	
Deltek foreldra aktivt i planlegging og vurdering av det pedagogiske innhaldet?	
Opplever de som foreldre at det er samsvar mellom planar og det som skjer i praksis?	
Opplever de som foreldre at borna sine initiativ vert tekne på alvor?	
Det fysiske miljøet er tilrettelagt slik at borna får medverka. Er det det? - Har de som foreldre innverknad på utforminga av det fysiske miljøet?	



Opplever de som foreldre at personalet deltek aktivt i leik og aktivitetar?	
<b>Kriterium</b> <b>Barna deltek aktivt i planlegging, gjennomføring og vurdering av barnehagen si verksemd</b> "Barna kan delta i planleggingsarbeidet med direkte innspel i samtalar om kva dei liker å gjere i barnehagen, og ved at dei uttrykkjer seg på andre måtar." Rammeplan for barnehage 2006, s.49	
Deltek barna jamleg i planlegging og vurdering av barnehagen si verksemd?	
Er kvardagsrutinene utforma slik at borna ofte tek egne initiativ?	
Vert borna oppfordra til å sei meininga si i kvardagen? Viser dette att i planar og aktivitetar?	
Er utstyr og materiell plassert slik at dei er lett tilgjengelege for borna?	
Opplever borna at dei vaksne tek del i leiken?	



**Kriterium**

**Personalet nyttar daglege gjeremål og aktivitetar til å fremma borna sin medverknad**

"Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet. Barn skal jevnlig få mulighet til aktiv deltakelse i planlegging og vurdering av barnehagens virksomhet. Barnets synspunkter skal tillegges vekt i samsvar med dets alder og modenhet."

Barnehagelova § 3 Barnas rett til medverknad

Er personalet fleksible og imøtekommande overfor enkeltborn og deira behov?

**Vedlegg 4**

**4 – Dette sa personalet**

**Kriterium: Barnehagen er ein lærande organisasjon**

**Teikn på god praksis:**

Personalet har god kjennskap til Rammeplanen og til barnehagen sine egne planar	Fortel
Dei tilsette får fagleg støtte og rettleiing frå leiinga	Fortel
Det vert arbeidd langsiktig med kompetanseutvikling for alle tilsette	På kva måte?
Aktuelle pedagogiske tema er på dagsorden på personalmøta	Korleis?
Det er refleksjon omkring eigen praksis i ulike møte	Fortel



**Kriterium: Personalet nyttar daglege gjeremål og aktivitetar til å fremma borna sin medverknad**

**Teikn på god praksis**

Personalet drøftar barnehagen sitt læringssyn i høve borns medverknad	Korleis skjer dette?
Det er samsvar mellom planar om borns medverknad og praksis i barnehagen	På kva måte skjer dette?
Personalet er fleksible og imøtekommande overfor enkeltborn og deira behov	Forklar
Personalet observerer og vurderer eige arbeid i høve borns medverknad	Korleis skjer dette?
Personalet deltek aktivt i leik ute og inne	På kva måte?



**Kriterium: Borna tek del i planlegging, gjennomføring og vurdering av barnehagen sitt innhald og aktivitetar**

**Teikn på god praksis:**

Barnehagen har rutiner for at borna kan delta i planlegging og vurdering	Korleis skjer dette og i kva omfang?
Kvardagsrutinene er utforma slik at borna ofte tek egne initiativ	Korleis og i kva høve skjer dette?
Borna vert oppfordra til å sei meininga si i kvardagen	Korleis?
Utstyr og materiell er plassert slik at dei er lett tilgjengelege for borna	På kva måte?
Borna opplever at dei vaksne tek del i leiken	Korleis?

**Kriterium: Barnehagen skal gje borna høve til utvikling og aktivitet i nær forståing og samarbeid med borna sin heim.**

**Teikn på god praksis:**

Foreldra deltek aktivt i planlegging og vurdering av det pedagogiske innhaldet	Fortel
Foreldra opplever at det er samsvar mellom planar og det som skjer i praksis	Korleis og i kva høve?